



BACHELOROPPGÅVE

Har kosthald samanheng med akademiske prestasjonar?

Are dietary habits associated with academic performance?

Kandidatnummer: 315

Faglærar i kroppsøving og idrettsfag

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

Rettleiar: Coral Falco

Ord: 7700

12.06.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

FORORD

Mi tid som student ved Høgskulen på Vestlandet, campus Bergen, nærmar seg slutten. Tre fine år på høgskulen er no til vefs ende, og siste som står att på studie 'Faglærar i kroppsøving og idrettsfag', er å leve bacheloroppgåva, som går under emnet KRO350. Førebuinga og tankeprosessen starta hausten 2019, då vi vart anbefalt å starte så tidleg som mogeleg. Eg var lenge usikker på kva emne og retning oppgåva skulle ha, men når det vart bestemt, jobba eg strukturert gjennom heile våren. Situasjonen vi hamna i våren 2020 med stengte skular og ein annleis kvardag for oss alle, førte til nye utfordringar. Desse utfordringane synest eg vart løyst på ein god og fornuftig måte.

Eg vil rette ein stor takk til rettleiar Coral Falco som har vore til god hjelp gjennom heile våren. Kunnskapen du sit med har gitt meg motivasjon til å legge ned det arbeidet som krevjast for å lukkast med ei slik oppgåve. Eg set stor pris på gleda og optimismen du har vist rundt oppgåva. Tusen takk!

Oppgåva og prosessen har gitt meg ny kunnskap og nye erfaringar som eg tek med meg vidare. Det har vore morosame, lange, tidkrevjande og stressande dagar, men eg er no fornøgd med å kunne leve den endelige bacheloroppgåva.

Bergen, 12.06.20

Guro Kalvø Vatnøy

ABSTRACT

Purpose:

In today's society, we are constantly reminded and exposed to information about why a healthy lifestyle is important to our health. Heart and vascular diseases, obesity and cancer are lifestyle diseases that we as individuals can help avoid based on the lifestyle we choose. But a good lifestyle, which includes a healthy and varied diet, seems to have more positive aspects than avoiding illness. Several new studies look at the relationship between diet and academic performance in school. The field is large, and there is still a lack of knowledge about the subject. The purpose of this study is to look at possible relationships between diet and academic achievement for students in the Norwegian high school.

Method:

The study includes 70 high school students aged 17-19 from two different cities in Norway. The data was collected through an electronic questionnaire that included questions about gender, age, height and weight, place of residence, physical activity and area of specialization. Intake of selected foods, breakfast, lunch and dinner habits were also asked. Parents' education and income were also of interest. Academic achievements in terms of their grades were asked for in the subject's math, Norwegian, English and physical education.

Result:

Good academic performance seems to be related to a regular meal pattern. In addition, it was found that there was a positive correlation between a high intake of fruits, vegetables, coarse cereals and fish, and academic achievement. Low intake of fast food, sweets / chips / ice cream and soft drinks also had a positive effect on academic performance. On the other hand, one could see that a high intake of these "unhealthy" foods had a negative effect on academic performance.

Conclusion:

A regular meal pattern, a high intake of fruit, vegetables, whole-grain products and fish were related to good academic performance. However, a high intake of fast food, confectionary and soda showed correlation with poor performance. In addition, socio-economic factors also have a correlation with academic performance. This information must be taken into account when advancing and consulting young people regarding dietary and nutrition

SAMANDRAG

Føremål:

Vi blir i dagens samfunn stadig minne på og eksponert for informasjon om kvifor ein sunn livsstil er viktig for helsa vår. Hjarte – og karsjukdommar, overvekt, fedme og kreft er livsstilsjukdommar vi som enkeltindivid kan vere med på å unngå basert på livsstilen vår. Men ein god livsstil, som inkluderer eit sunt og variert kosthald ser ut til å ha fleire positive sider ved seg enn det å unngå sjukdom. Fleire nye studiar ser på samanhengar mellom kosthald og akademiske prestasjonar i skulen. Feltet er stort, og det manglar fortsatt kunnskap kring emnet. Føremålet med denne studien er å sjå på moglege samanhengar mellom kosthald og akademisk prestasjon til elevar i den norske vidaregåande skulen.

Metode:

Studien inkluderer 70 vidaregåandeelevar i alderen 17-19 år frå to ulike byar i Noreg. Datamaterialet vart samla inn gjennom eit elektronisk spørjeskjema som inkluderte spørsmål om kjønn, alder, høgd og vekt, bustad, fysisk aktivitet, og studieretning. I tillegg til føresette si utdanning og økonomi, vart det spurta om måltidsfrekvens og utvalte mat – og drikkevarer. Det var av interesse å få innsyn i dei akademiske prestasjonane til deltakarane i faga matematikk, norsk, engelsk og kroppsøving.

Resultat:

Gode akademiske prestasjonar har samanheng med ein jamleg måltidsfrekvens. I tillegg kom det fram at det er ein positiv korrelasjon mellom eit høgt inntak av frukt, grønsaker, grove kornprodukt og fisk og akademiske prestasjonar. Eit lågt inntak av hurtigmat, godteri/chips/is og brus hadde og positiv effekt på akademiske prestasjonar. På motsett side såg ein at eit høgt inntak av desse "usunne" matvarene kunne ha negativ effekt på akademiske prestasjonar.

Konklusjon:

Ein regelmessig måltidsfrekvens, eit høgt inntak av frukt, grønsaker, grove kornprodukt og fisk har samanheng med gode akademiske prestasjonar. På den andre sida har eit regelmessig inntak av hurtigmat, godteri/is/chips og sukkerhaldig brus korrelasjon med svake akademiske prestasjonar. I tillegg har sosioøkonomiske faktorar ein korrelasjon med akademiske prestasjonar. All denne informasjonen må bli tatt i betraktning når vi skal fremje og rådføre barn og unge angåande kosthald og ernæring.

INNHALDSLISTER

<i>FORORD</i>	1
<i>ABSTRACT</i>	2
<i>SAMANDRAG</i>	3
<i>FIGUROVERSIKT</i>	6
<i>TABELLOVERSIKT</i>	6
1.0 INNLEIING	7
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA	7
1.2 PROBLEMSTILLING OG AVGRENsing	7
1.3 OPPGÅVAS OPPBYGGING	8
2.0 TEORI	8
2.1 KOSTHALD	8
2.2 NÆRINGSSTOFF.....	9
2.2.1.HOVUDNÆRINGSSTOFF.....	9
2.3 ANBEFALINGAR OM KOSTHALD OG FYSISK AKTIVITET	10
2.4 SOSIOØKONOMISKE FAKTORAR	11
2.5 HJERNEN OG HJERNEN SI UTVIKLING	12
2.6 TIDLEGARE STUDIAR.....	12
3.0 METODE	14
3.1 DELTAKARAR.....	14
3.2 PROSEDYRAR.....	15
3.3 INSTRUMENT	16
3.4 OMGREPSAVKLARING OG UTFORMING AV SPØRJEUNDERSØKINGA	16

3.5 STATISTISK ANALYSE	18
4.0 RESULTAT	19
5.0 DISKUSJON.....	23
5.1 MÅLTIDSFREKVENS	23
5.2 MAT – OG DRIKKEVARER.....	24
5.3 FØRESETTE SI UTDANNING OG ØKONOMI	26
5.4 TILTAK	27
5.5 "PERSONLEG VAL"	29
6.0 FEILKJELDER	30
6.1 KJI-TEST	30
6.2 OVER – OG UNDERRAPPORTERING.....	30
6.3 SOSIOØKONOMISKE FAKTORAR	31
6.4 GEOGRAFISK OMRÅDE	31
7.0 KONKLUSJON	31
8.0 LITTERATURLISTE.....	32
9.0 VEDLEGG.....	38
9.1 VEDLEGG 1	38
9.2 VEDLEGG 2	43
9.3 VEDLEGG 3	44
9.4 VEDLEGG 4	47

FIGUROVERSIKT

Figur 1	Helsemodellen til Whitehead og Dahlgren, vidareutvikla av Nasjonalforeningen for folkehelse.	s. 11
Figur 2	Fordeling av jenter og gutter som deltok i undersøkinga	s. 15

TABELLOVERSIKT

Tabell 4.1	Kjønn, KMI, fysisk aktivitet og sosioøkonomiske faktorar	s. 19-20
Tabell 4.2	Måltidsfrekvens	s. 21
Tabell 4.3	Mat- og drikkevarer	s. 22-23

1.0 INNLEIING

Førekomst av overvekt og fedme blant barn og unge har auka kraftig dei siste åra. Samtidig ser vi ein stadig auke av fysisk inaktivitet i samfunnet (Helsedirektoratet, 2010). Sjølv om samanhengen mellom kosthald og helse er kompleks, har vi i dag klart å skaffe oss eit omfattande fagfelt rundt dette emnet (Helsedirektoratet 2011). Sjølv med all kunnskapen og tiltaka som blir sett i gong for å betre den generelle helsa til oss menneske, er overvekt og fedme likevel ein av dei største truslane mot folkehelsa i det 21.århundre (Norges ledende helseoppslagsverk, 2017). Kosthald og effektane det kan ha på menneske er eit svært dagsaktuelt tema.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Kunnskapen om kosthald og matvanar, og betydinga det har for menneskets helse har over lenger tid vore i utvikling. Tidlegare såg ein på mat som eit fundament for at grunnleggjande prosessar i kroppen skulle fungere normalt, og det var avgjerande for vekst og utvikling. I dagens teknologiske og globaliserte verd handlar mat, matvanar og kosthald om så mykje meir (Helsedirektoratet, 2011). Mat skal gi kroppen næring og drivstoff, vere sunn og god og det er ei viktig brikke for å kunne prestere i kvardagen og på idrettsarenaen. I tillegg er mat med på å bringe folk saman, då middagsbordet ofte blir eit samlingspunkt i ein travel kvardag. Men kan eit godt kosthald ha fleire godar ved seg enn den tidlegare generelle oppfatninga? Har kosthold verknad på ungdoms mentale ytelse og akademiske resultat? Eit lite forskingsfelt rundt effektane kosthald kan ha på akademiske prestasjonar til elevar i skulen, gjer at temaet er noko eg ønska å sjå nærmare på.

1.2 Problemstilling og avgrensing.

På bakgrunn av studiar frå andre land, og eit lite forskingsfelt rundt emnet i Noreg, ville ei problemstilling som baserar seg på elevar i den norske skulen vere interessant å sjå nærmare på. Eg valte difor å gjennomføre ei kvantitativt spørjeundersøking der eg såg på moglege samanhengar mellom kosthald og akademiske prestasjonar til elevar i den norske vidaregåande skulen. Problemstillinga vart formulert slik:

Er det samanhengen mellom kosthald (matvanar) og akademiske prestasjonar til elevar i den norske vidaregåande skulen?

Eg har valt å avgrense oppgåva til å gjelde elevar i vidaregåande skule, i aldersgruppa 17-19 år. Dette vart gjort basert på oppfatninga om at elevar i denne aldersgruppa er meir sjølvstendige og bevisste og oftare tek eigne val når det kjem til kosthald og skule, enn det yngre aldersgrupper vil kunne gjere.

1.3 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva er hovudsakeleg delt inn fem delar; teori, metode, resultat, diskusjon og til slutt ein konklusjon. Kvart hovudkapittel har underkapittel. For å skape ei forståing for resten av oppgåva, vil det i teoridelen bli definert sentrale omgrep. Det vil og bli presentert relevante studiar som tidlegare har blitt gjort for å kunne danne eit fundament og grunnlag for oppgåva. I kapittel tre presenterer eg valt metode, informasjon om respondentane og ulike prosedyrar som har blitt gjort og som har blitt tatt omsyn til i undersøkinga. Mot slutten av metodekapittelet kjem informasjon om korleis spørjeskjemaet vart utarbeida og kva teori det byggjer på. Her er også ei omgrevsavklaring og ei grunngjeving av spørsmål inkludert for å skape ei forståing av spørjeskjemaet. Avslutningsvis i metodekapittelet vil informasjon om analyseprogrammet som er blitt brukt kome, i tillegg til informasjon om korleis resultata blir presentert.

I kapittel fire blir resultata frå spørjeundersøkinga presenterte. Objektivitet pregar resultatkapittelet. I kapittelet 5, diskusjon, knyt eg det innsamla datamaterialet opp mot teoridelen, i tillegg til at fleire synsvinklar vil bli presentert. Avslutningsvis vil eg samanfatte funna i korte trekk, svare på problemstillinga så godt det let seg gjere og forhåpentlegvis kunne kome med ein konklusjon.

2.0 TEORI

2.1 Kosthald

Kosthald er ei fellesnemning på dei mat – og drikkevarene eit individ får i seg. Nettopp innhaldet i det kosthaldet eit individ har, er i dagens samfunn blitt satt meir og meir i fokus (Bø, 2008, s.13). Forskingsfeltet rundt kosthald og helse er stort og komplekst. Vi har skaffa oss god kunnskap som seier at ein fornuftig og sunn kost er viktig for vekst og utvikling. Eit sunt kosthald skal dekkje behova vi menneske har for nødvendige næringsstoff, og det skal sikre ei regulering av blodsukkeret som er tilfredsstillande. Eit sunt kosthald blir og sett på som ein førebyggjade faktor som kan motverke hjarte – og karsjukdommar, kreft og diabetes

(Norges ledende helseoppslagsverk, 2017). I tillegg til dette skal eit fornuftig inntak av mat vere med på å unngå eller redusere overvekt. Kosthald er altså ein viktig bidragsytar til helse og trivsel i kvardagen.

2.2 Næringsstoff

Næringsstoff er kjemiske forbindelsar eller grunnstoff som kroppen tek opp. Stoffa har ulike funksjonar i kroppen som å tilføre energi, bidra til å oppretthalde liv og/eller vere byggjesteinar for vekst (Helsedirektoratet, 2016). Næringsstoffa kan delast inn i seks hovudgrupper; karbohydrat, feitt, protein, vitaminar, mineralar og vatn. Karbohydrat, feitt og protein er energigivande næringsstoff, og blir kalla hovudnæringsstoff. Vitaminar, mineralar og vatn er ikkje-energigivande næringsstoff, men har likevel viktige funksjonar i kroppen (Store Medisinske Leksikon, 2019).

2.2.1. Hovudnæringsstoff

Karbohydrat. Kroppens viktigaste og fremste energikjelde i det norske kosthaldet er karbohydrat. Denne energikjelda omfattar sukker, stivelse og kostfiber. Sukker og stivelse gir mykje energi. Fiber bidreg med mindre energi, men er gunstig for fordøyelsen. Mellom 45-60% av det totale energiinntaket til oss menneske bør kome frå karbohydrat, og då spesielt frå matvarar med eit høgt innhald av fiber. Grove kornprodukt, poteter, frukt og grønsaker er eksempel på slike matvarar (Helsenorge, 2017).

Feitt. Feitt er og ei viktig energikjelde. Når energilageret vårt av karbohydrat går tomt (til dømes ved fysisk aktivitet), hentar kroppen energi frå feitt. Feitt inngår også i oppbygginga av kroppens celler. I tillegg til å gi kroppen energi, beskyttar og isolerer feitt kroppens indre organ og verkar varmeisolante (Helsedirektoratet, 2016). Vi deler feitt inn i tre kategoriar; metta, umetta og transfeitt. Myndighetene anbefaler eit inntak av feitt på rundt 25-40% av det totale energiinntaket, der største andelen av inntaket bør kome frå umetta feitt. Gode kjelder til umetta feitt er fisk, avokado, olivenolje og nøtter (Norsk helseinformatikk, 2019).

Protein. Kroppens byggjesteinar er protein. Opgåva til protein er å reparere celler og vev, og 10-20% av det daglege inntaket bør kome frå protein. Dette hovudnæringsstoffet finn vi i nesten alle matvarer. Gode kjelder til animalsk protein er ost, egg, mjølk, kjøtt og fisk, mens gode kjelder til vegetabilsk protein er kornprodukt, belgvekstar, nøtter og frø (Helsenorge, 2017).

Det vi i dag veit, er at kostens totale energiinnhald er det som er den viktigaste faktoren når det kjem til overvekt (Helsedirektoratet, 2016). Nokon matvarer inneheld fleire kaloriar (høgt energiinnhald), mens andre inneheld færre kaloriar (lågt energiinnhald). Matvarer med eit høgt energiinnhald som feit mat og sukker gir høgt energiinntak, og kan auke risikoen for utvikling av fedme. Matvarer med lågt energiinnhald som grove kornprodukt, frukt og grønsaker, gir redusert energiinntak og spelar difor ei viktig rolle i førebygging av fedme (Matportalen, 2019). Når alt kjem til alt er det mengda mat ein et som spelar den største rolla.

2.3 Anbefalingar om kosthald og fysisk aktivitet

Helsedirektoratets anbefalingar om kosthald og fysisk aktivitet skal gi grunnlag for planlegging av eit kosthald og fysisk aktivitet på eit nivå som bidreg til vekst og utvikling, og som gir gode føresetnadar for trivsel og god helse (Helsedirektoratet, 2014).

Helsedirektoratets kostråd er utarbeida og vedtatt av Nasjonalt råd for ernæring (vedlegg 1). Råda skal bidra til å legge til rette for god helse og for å sikre eit tilstrekkeleg inntak av næringsstoff. Dei to mest sentrale anbefalingane til myndighetene er kostråda om eit variert kosthald, og rådet om balanse mellom energiinntak og energiforbruk. I tillegg legg kostråda stor vekt på heilheita i kosthaldet, då dette er noko av det viktigaste for helsa vår. Eit variert kosthald med mykje grønsaker, frukt og bær, grove kornprodukt og fisk, og begrensa mengder tilarbeidd kjøtt, raudt kjøtt, salt og sukker er å føretrekke, og er kostråda kort og enkelt samanfatta.

Anbefalingane og råda for fysisk aktivitet er utarbeida på grunnlag av felles nordiske anbefalingar som igjen er baserte på internasjonale anbefalingar. Under anbefalingane om regelmessig fysisk aktivitet i alle aldersgrupper ligg det overtydande dokumentasjon om helsegevinstar. Regelmessig fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel for å hindre over 30 ulike sjukdommar og diagnosar, og det er med på å gi overskot i kvardagen. Forsking viser at dei individua som har ein fysisk aktiv livsstil i gjennomsnitt vinn åtte år med god helse, samanlikna med inaktive menneske (Helsedirektoratet, 2014).


Barn og unge bør vere fysisk aktive minimun 60 minutt kvar dag. Då bør aktiviteten vere av moderat eller høg intensitet. For å sikre optimal utvikling av den fysiske forma bør aktiviteten vere så allsidig som mogeleg. (Helsedirektoratet, 2014). Vaksne og eldre bør vere i fysisk

aktivitet i minimum 150 minutt med moderat intensitet, eller 75 minutt med høg intensitet per veke (eller ein kombinasjon) (Helsedirektoratet 2019).

2.4 Sosioøkonomiske faktorar

Sosiale ulikheiter i helse beskrivast som systematiske forskjellar i helsetilstand, som følgjer sosiale og økonomiske kategoriar, då særleg yrke, utdanning og inntekt. Desse helseforskjellane er sosialt skapte, og det er mogeleg å gjere noko med dei. Dei dannar ein gradient gjennom befolkninga, som vil seie at det er ein lineær samanheng mellom sosioøkonomisk status og helse: litt betre sosioøkonomisk status gir (statistisk sett) litt betre helse. Ettersom tala er baserte på eit gjennomsnitt, vil det sjølvsagt finnast individuelle unntak frå regelen (Helsedirektoratet, 2018). Når vi diskuterer helse, livsstil og kosthald til menneske som ein del av eit fellesskap, er sosioøkonomiske faktorar ekstremt viktig å vite om og ta omsyn til.

Figur 1 viser ein mykje brukta modell, som er utvikla av Whitehead og Dahlgren (1991, s. 11), for å illustrere korleis ein rekkje forhold påverkar befolkninga si helse og livskvalitet. Nasjonalforeininga for folkehelse har vidareutvikla denne og på ein forenkla måte kan ein sjå på modellen som ei årsakspil frå den ytste til den inste ringen. Kvar ring i modellen viser ulike forhold som påverkar folkehelsa, og desse kjem i tillegg til dei biologiske og genetiske faktorane vi menneske er født med (Nasjonalforeningen for folkehelse, 2019).



Figur 1: Helsemodellen til Whitehead og Dahlgren, vidareutvikla av Nasjonalforeningen for folkehelse.

2.5 Hjernen og hjernen si utvikling

Hjernen utgjer mindre enn 2% av kroppsvekta, men mellom 15-20% av det blodet hjarte pumpar ut går til hjernen. Det er eit av det mest avanserte og sårbare organet i kroppen til oss menneske. For at den skal fungere optimalt er det svært viktig at den får drivstoff med jamne mellomrom, og at den får tilført dei rette byggjesteinane. Hjernen styrer det meste i kroppen, og den blir igjen styrt av det meste i kroppen. Blodbanene og nervesystemet sørger for kontinuerleg kommunikasjon mellom hjernen og kroppen. Den tek i mot stimuli og signal både frå det ytre og det indre miljøet (Solberg, 2016).

Hjernen består, i likskap med resten av kroppen, av den maten vi et. Forsking viser at ein med god ernæring kan forbetre konsentrasjonsevna, hukommelsen og merksemda vår. Om hjernen får for lite energi og blodsukkeret er lågt, kan ein bli trøtt, forvirra og uklar (Solberg, 2016).

Det er mange grunnar til at ein bør sørge for å gi hjernen riktig drivstoff. Overvekt, fedme og andre livsstilsjukdommar er gode argument for å arbeide systematisk for å fremje god helse. Vi må likevel ikkje gløyme at tenåra/ungdomstida er ei kritisk tid for utviklinga av hjernen, og studiar viser at kosthaldet påverkar hjernen sin kapasitet betrakteleg i denne perioden av livet. Denne forbindelsen mellom kosthald og hjernekapasitet har fått for lite merksemd på tross av dagens forsking. Heldigvis er det stadig fleire og fleire fagfolk som byrjar å innsjå betydinga av ein velernært hjerne. Antakinga om samanheng mellom kosthald, kognisjon og akademisk prestasjon er difor eit aktuelt tema (Bø, 2008, s.13).

2.6 Tidlegare studiar

Hypotesen og tanken om mogelege samanhengar mellom kosthald og akademisk prestasjon har fått støtte av studiar gjort i utlandet og i Noreg.

I Canada vart det gjennomført ein studie som inkluderte 325 deltagarar der 280 av dei fullførte. Undersøkinga var ein del av eit større prosjekt. Respondentane var i alderen 13 til 18 år, og fire ulike ungdomsskular var representerte. Resultatet frå studien viste at elevar med høge akademiske prestasjonar hadde eit høgare inntak av frukt, grønsaker og mjølk enn dei som rapporterte lågare akademiske prestasjonar (MacLellan, Taylor & Wood, 2008, s.141).

I 2008 vart det og gjennomført ein anna studie i Canada. 3421 deltagarar i alderen 10 til 11 år (5.klasse) var deltagarar. Både elevar og føresette deltok, og spørjeundersøking hadde

spørsmål om fysisk aktivitet, høgd og vekt, sosioøkonomisk bakgrunn og barna sin livsstil. Resultata viste at elevar med eit betre kosthald, regelmessig fysisk aktivitet og ein normal kroppsmasseindeks (KMI), gjennomsnittleg gjorde det betre på skulen enn elevar som åt mindre sunt, var mindre aktive og overvektige. I tillegg viste undersøkinga at å implementere program i skulen som fremjar eit godt kosthald er viktig for framtida for å kunne redusere overvekt, auke livskvaliteten og ikkje minst for å auke dei akademiske prestasjonane i skulen til barn og unge (Wu, Ohinmaa & Veugelers, 2011, s. 77).

I mars 2000 var 6346 elevar mellom 14 og 15 år (9. og 10.klassingar) deltagarar i ei undersøking på Island. Datamaterialet i denne studien er henta og analysert frå ei større undersøking; "Youth in Iceland". Totalt fullførte 6346 elevar undersøkinga og respondentane i studien representera omrent 82% av populasjonen i denne aldersgruppa på Island. Resultata viste at lågare KMI, fysisk aktivitet i kvardagen og gode kosthaldsvaner var assosiert med høge akademiske prestasjoner. Dette hang igjen saman med ei positiv og robust sjølvtillit (Kristjánsson, Sigfúsdóttir & Allegrante, 2010, s 51).

Ei større undersøking frå Korea, med 359.264 deltagarar i alderen 12 til 18 år, såg at det var ein positiv korrelasjon mellom eit sunt og variert kosthald og gode akademiske prestasjoner. Det kom også fram at faste frukost-, lunsj- og middagsrutinar hadde positiv påverknad på akademiske prestasjoner (Kim, Sim, Park, Kong, Kim & Choi, 2016, s. 1).

Dei fleste studiar rundt temaet kosthald og akademisk prestasjon i skulen har blitt gjort i utlandet. Men det har også blitt gjort nokre få studiar også i Noreg. Ein av studiane inkluderte 475 niande - og tiandeklasser frå fire ulike ungdomsskular i Vest-Agder. Datamaterialet vart henta inn gjennom eit spørjeskjema, og resultata var tydelege. Å ete frukost, lunsj og middag jamleg, og eit høgt inntak av frukt og grønsaker var assosiert med redusert sjanse for matematiske vanskar. På motsett side såg ein også at eit jamleg inntak av usunne matvarar hadde samanheng med sjansar for vanskar i matematikk (Øverby, Lüdemann & Høigaard, 2013, s. 754).

Stea & Torstveit (2014, s.1) gjennomførte også ein studie i Noreg med 2432 deltagarar i alderen 15-17 år. I likskap med Øverby, Lüdemann og Høigaard (2013) inkluderte denne studien også eit spørjeskjema. Her kom det fram at eit jamt måltidsmønster, eit høgt inntak av

sunne matvarer og fysisk aktivitet i kvardagen slo positivt ut på akademiske resultat blant elevar i den norske vidaregåande skulen.

Sjølv om dei fleste studiane har blitt gjort i utlandet, kan vi anta at kosthald og akademiske prestasjonar også har samanheng i Noreg. Å gå djupare inn i dette emnet for å auke informasjonen og kunnskapen rundt moglege konsekvensar av eit sunt og varierert kosthald er difor viktig. På bakgrunn av dette er problemstillinga for denne oppgåva å studere mogelege samanhengar mellom kosthald og karakterar til elevar i vidaregåande skule.

3.0 METODE

I dette kapittelet gjer eg greie for valt metode der subjekt, prosedyrar og instrument blir grundig beskrivne. I tillegg til ei i omgrepssavklaring, blir val av spørsmål, verdiar og variablar som er brukte i spørjeundersøkinga grunngjeve og forklarte. I slutten av kapittelet er programmet som er blitt brukt til analysearbeidet presentert.

3.1 Deltakarar

Våren 2020 vart eit elektronisk spørjeskjema sendt ut til ein vidaregåande skule i Lillehammer kommune og ein i Ulstein kommune. Aldersgruppa var 17-19 år. Totalt svarte 70 elevar på undersøkinga. Alle innsendte spørjeskjema var fullstendige og ingen vart difor ekskluderte frå studien. 43 av respondentane var jenter, og 27 av respondentane var gutter (sjå figur 2). Fire studieretningar er representerte; studiespesialisering, idrettslinje (topp - og breiddeidrett), realfag og samfunnsfagleg linje.



Figur 2: Fordeling av gutter og jenter som deltok i undersøkinga

3.2 Prosedyrar

Før spørjeskjemaet vart sendt ut, godkjente Norsk senter for forskingsdata undersøkinga. Dette er eit krav for å ivareta deltakarane sitt personvern og for at gjennomføringa blir gjort under dei lovpålagte retningslinjene (vedlegg 2).

Datamaterialet vart samla inn gjennom eit elektronisk spørjeskjema (vedlegg 3). Før elevane svarte på undersøkninga fekk dei utdelt eit informasjonsskriv om føremål, kvifor dei vart spurte, kva deltakinga innebar og deira rett på anonymitet og frivilleheit til å delta. Vanleg praksis for å kunne gi eige samtykke i slike studiar er 15 års aldersgrense. Elevane kunne difor sjølve samtykke og godkjenne deltakinga, og underskrift frå føresette var difor ikkje nødvendig (Norsk senter for forskningsdata, 2019). Å fylle ut spørjeskjemaet tok om lag fem minutt. Elevane hadde under heile studien moglegheita til å trekke seg. I tillegg til dette hadde dei krav om å få innsyn, retta og sletta personopplysningar som var registrerte om dei, om det var ønskjeleg. For å få til dette, utan å bryte deltakarane sitt krav på anonymitet, måtte alt av innsyn, retting og/eller sletting av opplysningar gjerast i databasen til programmet der innhenta datamaterialet blei registrert. I denne studien vart dette aldri ei problemstilling, men å ha det som eit alternativ er viktig for at deltakarane og deira personvern blir tatt på alvor.

I tråd med retningslinjene, vart alt av datamaterialet gjennom heile prosessen oppbevart og behandla på ein måte som sikra deltakrane sin anonymitet, og hindra uvedkomande kjennskap til kven den enkelte respondenten er.

3.3 Instrument

Den tekniske gjennomføringa av spørjeundersøkinga blei føretatt ved hjelp av "SurveyXact.

For å sikre anonymiteten til deltakarane, vart data utleverte gjennom SurveyXact utan tilknyting til e-post eller IP-adresse. Spørjeskjemaet vart laga på bakgrunn av helsedirektoratets kostråd. Kostråda er utarbeida og vedtatt av Nasjonalt råd for ernæring (vedlegg 1).

Fordelen med eit spørjeskjema er at ein kan samle inn data frå mange individ på forholdsvis kort tid. Skjemaet bestod av ein kombinasjon mellom opne og prekoda svar, noko som kallast eit semistrukturert spørjeskjema (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2016, s.263). Skjemaet inkluderte spørsmål om alder, høgd, vekt, studieretning og bustad. Desse hadde opne svaralternativ der deltakarane sjølv skreiv inn sine svar med ord. Dette vart gjort for å unngå oppramsing av mange svaralternativ under desse spørsmåla. Kjønn, fysisk aktivitet, føresette si utdanning og økonomi, måltidsfrekvens, utvalte matvarer og karakterar i matematikk, norsk, engelsk og kroppsøving vart det og spurt om. Desse spørsmåla hadde førehandsoppgitte svaralternativ for å gjere det enklast mogleg for deltakarane, og for å gjere analysearbeidet så oversiktleg som mogleg.

Svaralternativ. Å ikkje inkludere "vet ikke" i spørjeskjemaet var eit bevisst val. Vi veit at ein skal vere forsiktig og tilbakehalden med å bruket det som eit svaralternativ, men at det bør inkluderast der det er naturelg (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2016, s.273).

Svaralternativet vart ikkje inkludert i dette spørjeskjema for å hindre at elevane som "ikkje har ei mening" om det dei blir spurt om, ikkje svarar. For å minske sjansen for å måtte ekskludere respondentar frå studien på bakgrunn av at dei ikkje har fullført spørjeskjemaet, var utarbeidingsa av tydlege og presise spørsmål og svaralternativ heilt avgjerande.

3.4 Omgrepsavklaring og utforming av spørjeundersøkinga

Kroppsmasseindeks, KMI. Vekt og høgd heng saman. For å definere undervekt, normalvekt, overvekt og fedme er det vanleg å bruke kroppsmasseindeks, KMI (engelsk: BMI = body mass index) (Folkehelseinstituttet, 2015). Sjølv-rapportert høgd og vekt til elevane vart brukt for å kalkulere kroppsmasseindeksen til kvar enkelt respondent ved å dividere vekta (kg) med kvadratet av høgda (m^2). For å estimere omfanget av undervektige, normalvektige, overvektige og fedme i studien, og for å sjå om det var samanhengar mellom vekt og høgd og

akademiske prestasjonar, vart KMI'en til deltarane kategorisert ut i frå verdens helseorganisasjon (WHO) sine grenser frå undervektig til ulik grad av overvekt (vedlegg 4).

Fysisk aktivitet. Kroppsøving er eit allmenndannande fag som skal inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede. Sidan der er ein positiv korrelasjon mellom fysisk aktivitet og den totale helsa (fysisk og psykisk) til oss menneske vart spørsmål om grad av fysisk aktivitet i kvar dagen inkludert i spørjeskjemaet. "Hvor ofte er du fysisk aktiv?" er spørsmålet som vart stilt, der svarformatet var 1 = 0 gongar i veka, 2 = 1-2 gongar i veka, 3 = 3-6 gongar i veka, og 4 = >7 gongar i veka.

Akademisk prestasjon. Akademiske prestasjonar vart delt inn og vurdert basert på den norske vurderingsforma i vidaregåande skule. Vurderingsforma går frå 1 til 6. Karakterane 2 til 6 betyr at faget er bestått, der karakter 6 er høgast mogleg måloppnåing (Utdanningsdirektoratet, 2019). Deltakarane fekk spørsmålet "hvilken karakter fikk du matte, norsk, engelsk og kroppsøving? (ved sist standpunkturvurdering)", der svaralternativa gjekk frå 1-6. For å sikre variasjon mellom teoretiske og praktiske fag i skulen, var det av interesse å få innsyn i dei akademiske prestasjonane til elevane i akkurat desse faga. Etter at datamaterialet var samla inn, vart gjennomsnittskarakteren for dei fire faga funnen. Lågaste gjennomsnittskarakter var 3,25, mens høgaste var 5,75. Basert på desse tala vart ein gjennomsnittskarakter mellom 3,0-3,9 sett på som låg, ein gjennomsnittskarakter mellom 4,0-4,9 definert som middels og ein gjennomsnittskarakter mellom 5,0-5,9 sett på som høg. På bakgrunn av desse funna vart dei akademiske prestasjonane delt inn i kategoriene høg, middels og låg.

Måltidsfrekvens. For å kunne evaluere måltidsfrekvensen opp mot akademiske prestasjonar vart spørsmålet: "hvor ofte spiser du frokost?" stilt. Det same spørsmålet vart stilt for lunsj og middag. Svaralternativa var 1 = 0 gongar i veka, 2 = 1-2 gongar i veka, 3 = 3-5 gongar i veka, og 4 = 6-7 gongar i veka.

Sunne matvarer. For å kunne sjå på og evaluere om elevane hadde sunne og fornuftige matvanar utvikla eg spørsmål som gjaldt inntak av frukt, grønsaker, grove kornprodukt og fisk. Svaralternativa var igjen delt inn 4: 1= 0 gongar i veka, 2 = 1-2 gongar i veka, 3 = 3-6 gongar i veka, og 4 = >7 gongar i veka.

Usunne matvarer. For å kunne måle om elevane hadde eit usunt kosthald og kosthaldsvanar hadde eg spørsmål om kor ofte dei åt hurtigmat, godteri/chips/is og drakk sukkerhaldigbrus. Svaralternativa var: 1 = 0 gongar i veka, 2 = 1-2 gongar i veka, 3 = 3-6 gongar i veka, og 4 = >7 gongar i veka.

Kontroll variablar. I denne studien er sosioøkonomiske faktorar som føresette si utdanning og økonomi kontrollvariablar. Informasjon om føresette si utdanning vart samla inn ved separate spørsmål om faren og mora sitt utdanningsnivå. „*Hva er det høyeste utdanningsnivået til din far?*“, og „*hva er det høyeste utdanningsnivået til din mor?*“. Svaralternativa var delt i fire kategoriar: 1 = ingen utdanning, 2 = vidaregåande skule, 3 = høgskule/universitet og 4= doktorgrad. Datamaterialet om familien sin økonomi vart igjen samla inn ved separate spørsmål om faren og mora sin økonomi. Spørsmålet: „*hvordan er økonomien til din far?*“, og „*hvordan er økonomien til din mor?*“ vart stilt. Svarformatet var delt inn i 5: 1 = veldig dårlig, 2 = dårlig, 3 = middels, 4 = god og 5 = veldig god.

3.5 Statistisk analyse

SPSS 26.0 (Statistical Package for the Social Sciences) er programmet som er brukt til å føre statistikk og analysere samanhengar mellom akademiske prestasjonar, kjønn, KMI, fysisk aktivitet, sosioøkonomiske faktorar, måltidsfrekvens og inntak av utvalte mat – og drikkevarer. Gjennom frekvensanalyse vart den totale prosentfordelinga for dei ulike variablane funnen, i lag med gjennomsnittet. Det vart og gjennomført ei korrelasjonsanalyse og ein kji-kvadrat test. Dette vart gjort for å sjå om den avhengige variabelen i undersøkinga (Y=variabelen) har statistisk signifikant samanheng med den uavhengige variabelen (X). Samanhengen er signifikant når verdien er under 0,05. I kji-testen var måltidsfrekvens og utvalte mat- og drikkevarer uavhengige variablar (X) og karaktergjennomsnittet var avhengig variabel (variabel Y).

Framstilling av resultata blir vist i tabellar under resultatkapittelet. I tabellane 4.1, 4.2 og 4.3 er resultata viste i prosent. I tabell 4.1 ser vi på fordelinga av karakterane til deltarane basert på kjønn, KMI, fysisk aktivitet og føresette si utdanning og økonomi. Oversikt over deltarane sin måltidsfrekvens opp mot akademiske prestasjonar blir vist i tabell 4.2, og i tabell 4.3 er det framstilt ei oversikt over deltarane sitt inntak av diverse mat – og drikkevarer, og fordelinga av karakterar basert på dette inntaket.

4.0 RESULTAT

Tabell 4.1 viser ei oversikt over kjønn, KMI, fysisk aktivitet, føresette sitt utdanningsnivå og økonomi. Gjennomsnittsalderen til deltakarane er 17,9 år. Gjennomsnitts-KMI'en til jentene og gutane var heilt lik; 22,35kg/m². Å vere jente, ha ein KMI som går under kategorien "normalvektig" og det å vere i regelmessig fysisk aktivitet i kvardagen har samanheng med gode akademiske prestasjonar i skulen. I tillegg viser tabellen at å ha føresette med høgare utdanning og ei god inntekt, er faktorar som kan påverke dei akademiske prestasjonane til ungdommane i ei positiv retning.

TABELL 4.1: Oversikt over kjønn, KMI, fysisk aktivitet og føresette si utdanning og økonomi til deltakarane opp mot akademiske prestasjonar i skulen.

AKADEMISK PRESTASJON

Faktorar	Totalt %	Høg(5)	Middels(4)	Låg(3)
Kjønn, %				
Kvinne	62,9%	43,1%	43,1%	13,6%
Mann	37,1%	22,2%	62,9%	14,8%
KMI, %				
Undervektig	4,2%	33,3%	33,3%	33,3%
Normalvektig	82,8%	31,0%	55,1%	13,7%
Overvektig	12,8%	22,2%	22,2%	55,5%
Fysisk aktivitet, %				
>7 gongar i veka	17,1%	33,3%	50%	16,6%
3-6 gongar i veka	60%	28,5%	57,1%	14,2%
1-2 gongar i veka	20%	50%	35,7%	14,2%
0 gongar i veka	2,8%	0%	0%	100%

Utdanning, far, %

Doktorgrad/professor	4,2%	66,6%	33,3%	0%
Høgskule/universitet	64,2%	33,3%	57,7%	8,8%
Vidaregåande skule	27,1%	31,1%	47,3%	21,0%
Ingen utdanning	4,2%	0%	66,6%	33,3%

Utdanning, mor, %

Doktorgrad/professor	8,5%	66,6%	33,3%	0%
Høgskule/universitet	68,5%	39,5%	58,3%	10,4%
Vidaregåande skule	20,0%	28,5%	50,0%	21,4%
Ingen utdanning	2,8%	0%	0%	100%

Økonomi, far, %

Veldig dårlig	0%	0%	0%	0%
Dårlig	1,4%	0%	100%	0%
Middels	12,8%	22,2%	55,5%	22,2%
God	57,1%	32,5%	67,5%	12,5%
Veldig god	28,5%	40%	45%	15%

Økonomi, mor %

Veldig dårlig	7,1%	0%	60%	40%
Dårlig	7,1%	0%	40%	60%
Middels	24,2%	35,2%	41,1%	23,5%
God	48,5%	26,4%	58,8%	14,7%
Veldig god	11,4%	50%	50%	0%

Oversikt over måltidsfrekvens blir vist i tabell 4.2. Kji-testen viste at det ikkje var signifikant samanheng mellom frukost og karakter ($\chi^2 (6) = 7.752$, $p = .257$) og middag og karakterar ($\chi^2 (2) = .45$, $p = .80$). Lunsj hadde derimot signifikant samanheng med karakterar ($\chi^2 (6) = 12.92$, $p = .04$). Ut i frå framstillinga i tabell 4.2 kjem det likevel fram tendensar som seier at eit regelmessig måltidsmønster er å føretrekke. Å ete frukost dagleg er ein viktig faktor med tanke på gode skuleprestasjonar. Inntak av lunsj og middag er også å anbefale, då dette også ser

ut til å ha positive verknadar. Dei få respondentane som har ein låg frekvens av desse måltidene gjer det gjennomsnittleg dårligare med tanke på skuleprestasjonar.

TABELL 4.2: Oversikt over deltakarane sin måltidsfrekvens opp mot akademiske prestasjonar i skulen.

AKADEMISK PRESTASJON

Faktorar	Totalt %	Høg(5)	Middels(4)	Låg(3)
<u>Frukost, %</u>				
6-7 gongar i veka	67,1%	44,6%	46,8%	8,5%
3-5 gongar i veka	17,1%	16,6%	66,6%	16,6%
1-2 gongar i veka	11,4%	12,5%	37,5%	50%
0 gongar i veka	4,3%	0%	33,3%	66,6%
<u>Lunsj, %</u>				
6-7 gongar i veka	58,6%	43,9%	46,3%	9,7%
3-5 gongar i veka	30%	23,8%	66,6%	9,5%
1-2 gongar i veka	8,6%	0%	33,3%	66,6%
0 gongar i veka	2,9%	0%	50%	50%
<u>Middag, %</u>				
6-7 gongar i veka	90%	36,5%	50,8%	12,7%
3-5 gongar i veka	10%	14,3%	28,6%	57,2%
1-2 gongar i veka	0%	0%	0%	0%
0 gongar i veka	0%	0%	0%	0%

I tabell 4.3 ser vi ei oversikt over inntaket av utvalte mat – og drikkevarer til deltakarane. Kjittesten viste at det ikkje var signifikant samanheng mellom frukt ($\chi^2 (6) = 3.05$, $p = .80$), grønsaker ($\chi^2 (6) = 3.78$, $p = .71$), grove kornprodukt ($\chi^2 (6) = 9.33$, $p = .16$), fisk ($\chi^2 (6) = 4.61$, $p = .59$), hurtigmat ($\chi^2 (6) = 6.88$, $p = .14$) og sukkerhaldig brus ($\chi^2 (6) = 5.01$, $p = .54$)

og karakterar. Derimot hadde inntak av godteri/is/chips signifikant samanheng med karakterar godteri ($\chi^2 (4) = 14.61$, $p = .006$). Sjølv om ikkje alt slo ut på kji-testen, kjem det likevel fram i framstillinga at eit høgt inntak av "sunne" matvarer har positiv effekt på akademiske prestasjonar, mens eit høgt inntak av "usunne" matvarer har negativ effekt på akademiske prestasjonar. På motsett side ser vi at eit lågt inntak av "sunne" matvarer har samanheng med lågare akademiske prestasjonar, og eit lågt inntak av "usunne" matvarer har positive konsekvensar med tanke på gjennomsnittskarakterar.

TABELL 4.3: Oversikt over deltakarane sitt inntak av ulike mat- og drikkevarer opp mot akademiske prestasjonar i skulen.

AKADEMISK PRESTASJON

Faktorar	Totalt %	Høg(5)	Middels(4)	Låg(3)
Frukt, %				
>7 gongar i veka	22,9%	43,7%	50,0%	6,2%
3-6 gongar i veka	50%	54,2%	31,4%	14,2%
1-2 gongar i veka	25,7%	26,6%	55,5%	27,7%
0 gongar i veka	1,4%	100%	0%	0%
Grønsaker, %				
>7 gongar i veka	42,9%	40,0%	50,0%	10%
3-6 gongar i veka	44,3%	48,3%	35,4%	16,1%
1-2 gongar i veka	10%	14,2%	57,1%	28,5%
0 gongar i veka	2,9%	0%	100%	0%
Grove kornprodukt %				
>7 gongar i veka	40%	50%	46,4%	3,5%
3-6 gongar i veka	48,6%	29,4%	50%	20,5%
1-2 gongar i veka	8,6%	0%	66,6%	33,3%
0 gongar i veka	2,9%	50%	50%	0%

Fisk, %

>7 gongar i veka	1,4%	0%	0%	100%
3-6 gongar i veka	18,6%	38,4%	38,4%	23%
1-2 gongar i veka	74,3%	36,5%	51,8%	9,6%
0 gongar i veka	5,7%	0%	75%	25%

Hurtigmat, %

>7 gongar i veka	0%	0%	0%	0%
3-6 gongar i veka	4,3%	33,3%	0%	66,6%
1-2 gongar i veka	42,9%	26,6%	63,3%	10%
0 gongar i veka	52,9%	45,9%	43,2%	10,8%

Godteri/is/chips, %

>7 gongar i veka	0%	0%	0%	0%
3-6 gongar i veka	30%	14,2%	80,9%	4,7%
1-2 gongar i veka	62,9%	40,9%	43,1%	15,9
0 gongar i veka	7,1%	20%	40%	40%

Brus, %

>7 gongar i veka	2,9%	0%	50%	50%
3-6 gongar i veka	5,7%	25%	50%	25%
1-2 gongar i veka	34,3%	41,6%	45,8%	12,5%
0 gongar i veka	57,1%	45%	42,5%	12,5%

5.0 DISKUSJON

5.1 Måltidsfrekvens

Ut i frå resultata i tabell 4.2 kom det fram at over halvparten av deltakarane åt både frukost, lunsj og middag 6-7 gongar i veka. Dette er veldig positive tal. Dei positive konsekvensane av ein regelmessige måltidsfrekvens kom tydlegast fram ved inntak av frukost. 67,10% av respondentane åt frukost 6-7 gongar i veka, og av desse oppnådde 44,6% høg måloppnåing (karakteren 5). På motsett side ser vi at 4,3% av deltakarane åt frukost 0 gongar i veka, og av

desse oppnådde 66,6% låg måloppnåing (karakteren 3). I tillegg til frukost, kan vi anta at eit regelmessig påfyll av energi til hjernen og resten av kroppen gjennom skuledagen er positivt. Resultata frå lunsjinntaket til deltakarane var veldig lik resultata frå frukostinntaket. Til liks med frukost, åt over halvparten (58,6%) av deltakarane lunsj 6-7 gongar i veka. Av desse oppnådde 43,90% av gode akademiske prestasjonar. I andre enden av skalaen ser vi at 11,5% åt lunsj ein stad mellom 0-2 gongar i veka. Eit resultatet av dette, var at ingen oppnådde karakteren 5.

Middagsrutinane til deltakarane ser ut til å ver veldig tydelege og klare. 90% av deltakarane åt middag 6-7 gongar i veka, og dei resterande 10%, åt middag 3-5 gongar i veka. Av dei deltakarane som har middag som ein fast rutine i sin kvardag (6-7 gongar i veka), oppnådde 36,5% høg måloppnåing. Av dei deltakarane som åt middag sjeldnare (3-5 gongar i veka), oppnådde kun 14,3% høg måloppnåing, og over halvparten (57,2%) oppnådde låg måloppnåing. I tillegg til dei positive verknadane ein fast middagsroutine kan ha på akademiske prestasjonar, viser det at middagen og middagsmåltidet fortsatt er ein sentral brikke og eit samlingspunkt i kvardagen til dei aller fleste familiene.

Mange funn i denne studien står til liks med, og støttar opp under funn som har blitt gjort i tidlegare forsking. Studien frå Korea som viste at ein regelmessig måltidsfrekvens med frukost, lunsj og middagsrutinar var ein sentral faktor som påverkar dei akademiske prestasjonane i ei positiv retning, er eit eksempel på dette (Kim, Sim, Park, Kong, Kim & Choi, 2016, s. 1). I tillegg kom viktigeita av inntaket av frukost fram i Adolphus, Lawton og Dye sin studie (2013, s.24), noko som også var eit sentralt funn i denne undersøkinga.

5.2 Mat – og drikkevarer

